



Voss herad

Innkjøp og miljø i Voss herad

VOS2
bygd for sterke opplevingar

Regelverket

- Lova om offentlige anskaffelser (LOA)
- Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA)
- Grunnleggjande prinsipp:
 - Konkurransen
 - Likebehandling
 - Forutberegnelighet
 - Etterprøvbarhet
 - Forholdsmessighet

LOA §5 – Miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn

«Statlige, fylkeskommunale og kommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåvirkning, og fremme klimavennlige løsninger der dette er relevant. Dette skal blant annet skje ved at oppdragsgiveren tar hensyn til livssyklus-kostnader....»

- «Oppdragsgiveren kan stille egnede krav og kriterier knyttet til ulike trinn i anskaffelsesprosessen, slik at offentlige kontrakter gjennomføres på en måte som fremmer hensyn til miljø, innovasjon, arbeidsforhold og sosiale forhold, **forutsatt at kravene og kriteriene har tilknytning til leveransen.**»

Før kjøp

Vurderingar, skal det gjerast ei anskaffing?

Det er eit viktig utgangspunkt for miljøvenlege anskaffingar at me ikkje kjøper ting me ikkje har behov for. Difor bør me stille spørsmål ved om me har behov for det som skal anskaffast, og me må sjå nærare på grunngjevinga for behovet.

Kan behovet dekkast på ein annan måte, t.d. ved gjenbruk eller omdisponering av eksisterande materiell?

Korleis kan me på best mogleg måte førebu ei meir miljøvenleg anskaffing?

For å sikre gode anskaffingar er det viktig med god kjennskap til marknaden og leverandørsituasjonen, og dette gjeld og for å sikre miljøvenlege anskaffingar.

Marknadsundersøkingar og leverandørdialog er nyttige hjelpemiddel i samband med dette.

Korleis kan ein ivareta miljøomsyn i konkurransegrunnlag og kontrakt?

- Kvalifikasjonskrav må vera oppfylt for å kunne vera med i konkurransen
- Tildelingskriterium er omsyn me vektlegg ved val av tilbod. Her vil ikkje manglande oppfylting føre til avvising, men at leverandør får færre poeng i ei evaluering.
- Minimumskrav er ei skildring av det som skal anskaffast, og gjeld meir dei tekniske sidene av kjøpet

Kvalifikasjonskrav

- Krav som vert stilt for å vurdere om ein leverandør er eigna til å oppfylle kontrakten.
- Krav som går på forhold ved leverandøren og hans kvalifikasjonar.
- Manglande oppfyljing fører til avvising.

Eit eksempel som me nyttar på nokre anskaffingar

«Leverandør må ha eit godt og velfungerande miljøleingsystem»

Krav til dokumentasjon: Skildring av miljøleingstiltak eller attest utstedt av uavhengig organ, alternativt sertifisert etter miljøfyrtårn, EMAS, ISO 14001 eller tilsvarande.

Me bør ikkje stille krav som er så strenge at dei er til hinder for konkurranse, og helst ikkje så strenge krav at det er vanskeleg for tilbydarane å ha moglegheit til å delta. Det vil vera mest føremålstenleg å stilla miljøkrav i ein «moden marknad»



Tildelingskriterium

- Konkurranskriterier som me skal vurdera tilbode etter. Kva for eit tilbod oppfyller kriteria best?
- Eksempel på vekting i ein evaluering: Kvalitet 25%, Miljø 15% og Pris 60%.
- Dersom me har miljø som tildelingskriterium gjer me leverandør høve til å forklare korleis dei ser for seg å løyse miljøutfordringa som er stilt. Dette gjev meir fleksibilitet for leverandør.
- Kriteriene må
 - vera knytta til kontraktens gjenstand
 - vera objektive
 - vera utforma så presise at dei ikkje gjev for fritt skjønn
 - vera i samsvar med dei grunnleggjande prinsippa i regelverket

Bør vurderere om det er betre å stille miljøkrav som eit minimumskrav. Dersom me stiller miljøkrav som tildelingskriterium så kan miljøkravet bli «finta» ut av til dømes pris, dersom pris er låg nok.

Kva gjer Voss herad?

Minimumskrav / kravspesifikasjonen

- Kravspesifikasjonen er ei skildring av kva som skal anskaffast, og gjeld meir dei tekniske sidene av leveransen.
- Eit minimumskrav inneber at leverandør forpliktar seg til å oppfylle kravet. Avvik dårlegare enn kravet skal som hovudregel føre til avvising.
- Stiller me miljøkrav som minimumskrav i kravspesifikasjonen sikrar me at krava må vera oppfylt for at leverandør skal unngå avvising.
- Eksempler på krav
 - Varer skal vera merka med t.d. Svanemerke
 - Trevrerke i møblar skal ikkje koma frå regnskogen
 - Trematerial i staden for betong i bygg
 - Elektrisk varebil

Det er mogleg å kombinere minimumskrav og tildelingskriterium, men ved evaluering skal me ikkje gje score for oppfylting av minimumskrav.

Rammeavtalar

- Mykje av det me kjøper inn, skjer via rammeavtalar.
- Ein rammeavtale er ein avtale mellom ein eller fleire leverandørar som har til formål å fastsetje kontraktsvilkåra for dei kontraktane som skal inngåast i løpet av den perioden rammeavtalen varer.
- Voss herad samarbeider med Bergen kommune på fleire rammeavtalar. Får ofte betre vilkår med ein stor aktør som Bergen, samt at det sparar oss for mykje tidsbruk i forkant av konkurranse og i avtaleperioden. Har og nokre avtalar med Vestland fylke (kontorrekvisita, reinhaldsrekvisita, kopimaskiner m.m.).
- Bergen er ein føregangskommune i miljøkjøp.

Framtida er her

EPD – Environment Product Declaration

- Eit dokument som skildrar miljøvirkninga til eit produkt, ein «miljødeklarasjon»
- Vil gje eit betre grunnlag for å vurdere miljøbelastninga på produkt ved kjøp av varer og tenester.